

## Referat frå møte i Sandnes Sokneråd

**Skrivar:** Solfrid V. Kvamme

**Møte nr:** 01.13

**Møterom/-stad:** Kyrkjelydsalen

**Dato:** 05.02.13

---

**Møtedeltakare:** Knut Sørheim, Grete Daae Lahti, Gunvor Fyllingsnes, Svein Elvik, Arnold Andvik, Ragnhild Skuggedal, Britt Nordland, Solfrid V. Kvamme

---

**Referat til:** Medlemene, Varamedlemene, dagleg leiar i fellesrådet, diakoni og undervisningsleiar.

---

### **01/13 Godkjenning av møtebok frå 08.11.12**

Godkjent med følgjande merknader:

- Endre kyrkjelydssekretær til diakon og undervisningsleiar.
- Rette Årstall i arbeidsplan og føre inn Arnold på arbeidsoppgåver den 09.mai

### **02/13 Prosjektor – status**

- Har søkt Opplysningsvesenets fond om midlar til prosjektor, men ikkje mottatt tilbakemelding.

### **03/13 Korleis skal vi organisere vidare deltaking i den nye gudstenesta?**

Knut informerte:

Målet er å ha fleire delaktige i gudstenesta. Det bør være minst en person, utanom prest og klokkar. Eksempel på oppgåver er tekstlesing, song, musikk og skodespel.

Forslag:

Gruppe som er delaktig med langsiktig planlegging, eksempelvis et halvt år frem.

Forslag frå soknerådet på medlemar i gruppa: Ellen Andvik, Anne Merethe Reknes, Siri Andvik og Marte Kvamme Andersen.

*Knut spør om dei vil påta seg oppgåva.*

### **04/13 Midlar til trosopplæring**

Knut orienterte:

Sokneråda mottok « friske midler» til økt stillingsprosent i samband med trusopplæring. Små kommunar vert sett på som ein trusopplæringseining, her Masfjorden og Modalen. Midlane for Masfjorden og Modalen utgjør totalt kr. 211.000,- (prosentvis andel utfra innbyggertall og spredt bebyggelse).

Modalen har foreslått at de får ¼ del (eit sokn) av beløpet til rådighet.

Masfjorden fellesråd administrer det resterende ¾ som blir anvendt i ein trusopplærings-stilling. Soknerådet er einige i fordelinga.

### **05/13 Gunvor orienterer om opplegget for dåpsskolen i år**

Dåpsskule i år vert laurdag 9.mars, for 5 og 6 åringar ilag. Foreldra vert inviterte til å delta på avslutning.

### **06/13 Konfirmantfest**

Konfirmantfesten vert 7.mai klokken 19.00.

Fordeling arbeidsoppgåver:

- Ragnhild, Britt og Solfrid har ansvar for mat (Lasagne med salat og brød. Iskake til dessert.)
- Knut bestiller kommunestyresalen
- Gunvor skaffer talar
- Gunvor leier festen
- Gunvor sender ut innbyding

### **07/13 Status økonomi.**

Regnskap for 2011 er godkjent og revidert.

Kasserer har av praktiske årsaker flytta soknerådet sin brukskonto til Sparebanken Vest.

Disponibelt pr.05.02 er kr. 24.000,-.

### **08/13 Skriv om oppmoding om reservert/oppmerket parkeringsplass for funksjonshemma.**

I planene for utviding av kyrkjegarden, er det planar om parkeringsplass for funksjonshemma oppe ved porten. Det er og utarbeidet nye planar for avkjørsel og parkering ned til Skjerjebakken.

### **09/13 Årsstatistikk for Sandnes kyrkje 2012.**

Knut gikk igjennom utlevert statistikk og samanlikna med i fjor.

### **10/11 Val av leiar og nestleiar**

Ragnhild fortsetter som leiar.

Britt fortsetter som nestleiar.

### **11/13 Eventuelt**

- Årsmøte i Frivillighetssentralen torsdag den 07. mars.
- Frivillighetssentralen skal ha kurs ang. besøksstenesta på sjukeheimen den 14.mars kl. 18:30, der temaet vert « Det og kunne føre ein meningsfylt samtale» repr. frå Kirkens SOS deltek.
- Fasteinnsamling vert 19.mars. Soknerådet har ansvar for å kjøre elevar.
- Knut viste den nye nettsida: [www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no)  
Mellom anna vil soknerådet sin møteplan og godkjente referat bli lagt på sida.

**Neste soknerådsmøte vert 9.april kl. 18.15**

-----  
Knut Sørheim

-----  
Ragnhild Skuggedal

-----  
Grete Daae Lahti

-----  
Britt Nordland

-----  
Arnold Andvik

-----  
Solfrid V. Kvamme

-----  
Svein Elvik